

# Vedtekter Norges Husflidslag

## § 1 Føremål

Norges Husflidslag er ein organisasjon som arbeider for å fremje god norsk husflid kulturelt, sosialt og økonomisk.

## § 2 Verksemd

Ein søker å nå målet ved:

- 2.1 Opplæring
- 2.2 Konsulentverksemd
- 2.3 Opplysningsarbeid gjennom tidsskrift, presse og andre massemedia
- 2.4 Utstillinger, demonstrasjonar, mønsterteneste og konkurranser
- 2.5 Stipend
- 2.6 Å fremje produksjon og sal av gode, tidsmessige husflidsvarer
- 2.7 Å medverke til samarbeid innan organisasjonen og ellers, for å fremje husflid

## § 3 Medlemmer

Som medlemmer i Norges Husflidslag kan ein oppta følgjande:

- 3.1 Individuelle medlemmer organisert i lokallag og fylkeslag.  
Medlemskategoriane er: Hovudmedlem, æresmedlem, husstandsmedlem, barn- og unge medlemmer.
  - 3.1.1 Hovudmedlem – medlem over 26 år.
  - 3.1.2 Husstandsmedlem – medlem som bur saman med hovudmedlem.
  - 3.1.3 Barne- og ungdomsmedlemmer under 26 år.
- 3.2 Juryerte husflidshandverkarar som kan vere organisert i husflidshandverkarlag.
- 3.3 Husflidsbutikkar som er godkjent av styret i Norges Husflidslag.
- 3.4 Medlemskap utan stemmerett: Organisasjonar og bedrifter, skular, museum og liknande som vil støtte Norges Husflidslag.

3.5 Alle medlemmer i Norges Husflidslag skal ha høve til å påverke arbeidet i organisasjonen. Eit medlem har fulle rettigheter i organisasjonen frå ein har fylt 14 år. Det skal leggast til rette for at medlemmer utan stemmerett også har arenaer for medverknad.

## § 4 Val av utsendingar

4.1 Val av utsendingar til landsmøtet:

4.1.1 Kwart fylkeshusflidslag kan møte med inntil 3 utsendingar på landsmøtet. Leiar er sjølvskriven. Dei øvrige vert valde på årsmøtet i fylkeshusflidslaga.

4.1.2 Husflidsutsala kan møte med 1 utsending.

4.1.3 Husflidshandverkarar organisert i lag, kan møte med 1 utsending fra kvart lag.

4.1.4 Alle val av utsendingar med varautsendingar skal meldast til Norges Husflidslag seinast 1 - ein - måned før landsmøtet, med mindre anna er bestemt.

## § 5 Landsmøtet

5.1 Landsmøtet er Norges Husflidslag øverste myndigheit. Landsmøte vert halde annakvart år. Styret fastset tid og stad for landsmøtet.

5.2 Innkalling til landsmøtet skjer skriftleg med minst 2 - to - månaders varsel. Sakliste, årsmelding og rekneskap med saksdokument skal være utsendt minst 1 - ein - måned før møtet.

5.3 Landsmøtet består av dei utsendingane som er nemnt i § 4.

5.4 På landsmøtet har kvar frammøtt og godkjent utsending ei stemme.

5.5 Styremedlemmer har stemmerett sjølv om dei ikkje er valde til utsendingar, men deltek ikkje i avstemming i saker som gjeld bedømming av deira eigne disposisjonar i laget.

5.6 Om forholda tillèt det, kan styret gi observatørar tilgang til landsmøtet med tale-og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

5.7 Landsmøtet kan, for einskilde saker, bestemme å halde lukka møte.

5.8 Ekstraordinært landsmøte kan haldast etter avgjersle av styret eller når minst 6 fylkeshusflidslag skriftleg krev det, for behandling av ei bestemt angjeven sak, og då seinast innan 3 månadar etter at kravet er sett fram. Dei utsendingane som er valde til siste ordinære landsmøte, møter til kstraordinært landsmøte.

## § 6 Dagsorden for landsmøtet

6.1 Styret fastset dagsorden for landsmøtet. Den skal omfatte:

6.1.1 Val av møteleiar, nestleiar, samt 2 møterefereantar og 2 representantar til å underteikne protokollen

6.1.2 Val av 3 medlemmer til fullmaktsnemnd

6.1.3 Val av minst 4 stemmeteljarar

6.1.4 Innstilling fra fullmaktsnemnda

6.1.5 Årsmelding

6.1.6 Rekneskap revidert av statsautorisert revisor

6.1.7 Melding om vaksenopplæring

6.1.8 Budsjett og verksemdsplan for komande 2-årsperiode

6.1.9 Fastsetjing av kontingentar i samsvar med §14

6.1.10 Val av leiar

6.1.11 Val av styremedlemmer og varamedlemmer i samsvar med § 8.

6.1.12 Val av nemnder i samsvar med §13

6.1.13 Val av revisor

6.1.14 Val av valnemnd. 4 medlemmer som vert valde for 4 år om gongen. Ved første gongs val vel ein 2 for ei periode av 2 år. Ved stemmelikheit har leiar dobbeltstemme.

6.1.15 Landsmøtet fastset godtgjersle til tillitsvalde.

6.2 Innsending av forslag til landsmøtet:

6.2.1 Vedtektsendringsforslag må sendast styret seinast 1. august året før landsmøtet.

6.2.2 Andre saker som ein ynskjer å ta opp på landsmøtet, må sendast til styret innan den frist styret fastset, vanlegvis 3 månader før møtet. I heilt særskilde tilfelle kan styret godta seinare innsendte forslag.

6.3 På landsmøtet behandler ein berre dei sakene som er gjort kjent for medlemmane.

## § 7 Val

7.1 Styreleiar og styremedlemmer kan ikkje veljast på nytt etter å ha fungert som styreleiar og/ eller styremedlem i 6 år til saman. Ein medlem er valbar som styreleiar eller styremedlem på nytt etter å ha vore ute av vervet i minst to år. For å kunne ha tillitsverv i organisasjonen må ein vere medlem.

Styreleiar bør ikkje gjenvelgast etter å ha fungert samanhengande i 6 år. Styremedlemmer bør ikkje gjenvelgast etter å ha fungert samanhengande i 8 år, inkludert leiarverv, alle styrefunksjonar og vara. Ein medlem er valbar som styreleiar, styremedlem eller varamedlem på ny etter å ha vore ute av vervet i minst to år. For å inneha verv i organisasjonen må ein vere medlem.

7.2 Val av leiar, styremedlemmer og varamedlemmer skal skje skriftleg. Dersom det berre er ein kandidat til dei ulike verv, kan landsmøtet bestemme at valet skjer ved akklamasjon. Val skjer skriftleg dersom minst ein person krev det.

7.3 For å bli valt, må ein kandidat ha oppnådd meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene. Blanke stemmer tel med. Oppnår ingen dette ved første val, held ein omval mellom dei to som har flest stemmer. Står stemmene likt, avgjer ein valet ved loddtrekning.

7.4. For å inneha verv i organisasjonen må ein vere medlem og ha betalt kontingent for inneverande år.

## **§ 8 Styresamansetjing**

8.1 Styret består av leiar og 6 styremedlemmer.

8.2 Eit av styremedlemmane med personleg varamedlem skal veljast mellom Norges Husflidslag sine tilsette. Dei tilsette har rett til å fremje forslag om personval.

8.3 Ved val av dei øvrige styremedlemmane skal Valnemnda fremje ei innstilling i samsvar med instruks for valnemnda vedteke av landsmøtet.

8.4 3 varamedlemmer skal veljast i nummerert rekkefølge.

8.5 Leiar skal veljast av landsmøtet for 2 år om gongen.

8.6 Styremedlemmer skal veljast av landsmøtet for 2 år om gongen. Varamedlemmer skal veljast for 2 år om gongen.

8.7 Styret vel nestleiar sjølv.

## **§ 9 Styret sitt arbeid**

9.1 Styret skal leie Norges Husflidslag sitt arbeid i samsvar med vedtektene for laget og landsmøtet sitt vedtak.

9.2 Leiar innkallar til styremøte når denne finn det naudsynt eller når 3 av dei øvrige medlemmane krev dette. Ved forfall til styremøte skal sekretariatet underrettast så varamedlem kan kallast inn.

9.2.1 Det skal førast referat/protokoll frå styremøta som skal godkjennast av dei frammøtte.

9.3 Leiar representerer Norges Husflidslag utad.

9.4 Styret tilset administrerende direktør. Direktør tilset det øvrig personale.

9.5 Styret utarbeider instruksar for administrerende direktør og redaktør.

9.6 Styret ser til at det blir ført betryggande rekneskap og revisjon for drifta av laget.

9.7 Styret fremjer forslag til budsjett og arbeidsplan for Landsmøtet. Styret har ansvar for bruken av eventuelle statsmidlar, legat- og fondsmidlar.

9.8 Styret førebur og gir innstilling i saker som vert lagt fram for landsmøtet.

9.9 Styret tildeler lagets utmerkingar i samsvar med gjeldande statuttar.

9.10 Styret kan gjere gyldig vedtak når minst leiar eller i hans stad nestleiar og 3 av dei andre styremedlemmane møter og desse er samde.

9.11 Er eit styrevedtak ikkje samrøystes, kan kvart av styremedlemmane krevje si stemmegiving protokollert.

9.12 Referat skal gjerast kjent for alle medlemmane når dei er godkjent.

## **§ 10 Arbeidsutval**

10.1 Styret kan setje ned eit arbeidsutval som består av leiar og 2 av styremedlemmane.

10.2 Arbeidsutvalet førebur saker som skal behandlast av eit samla styre.

10.3 Arbeidsutvalet kan treffe vedtak i løpande saker som må avgjerast før ein kan få holdt styremøte.

10.4 Arbeidsutvalet kan gjere vedtak når leiar og eit av medlemmane er samde.

10.5 Melding om vedtak i arbeidsutvalet skal straks sendast til dei øvrige styremedlemmane.

## **§ 11 Administrasjon**

11.1 Administrerande direktør har ansvar for det daglege arbeidet i laget, for arkiv og laget sine eigendelar.

11.2 Administrasjonen arbeider etter retningslinjer som styret fastset.

## **§ 12 Vaksenopplæring**

12.1 Norges Husflidslag er medlem av Studieforbundet kultur og tradisjon.

12.2 Opplæring med støtte frå Studieforbundet kultur og tradisjon kan foregå i alle medlemsgrupper i NH etter dei til eikvar tid gjeldande retningslinjer gitt av Studieforbundet kultur og tradisjon

12.3 Norges Husflidslag må følgje dei til eikvar tid gjeldande reglar om vaksenopplæring frå Kunnskapsdepartementet

12.4 Norges Husflidslag har ansvar for at medlemmane:

12.4.1 snarast mogleg får informasjon om endringer i reglar og lover for vaksenopplæring,

12.4.2 arrangerer studietiltak i samsvar med gjeldande reglar og instruksar,

12.4.3 sender inn rapportar og rekneskap etter nærmare angjevne fristar.

12.5 Styret har ansvar for vaksenopplæringsarbeidet og tilset nødvendig konsulent-og kontorhjelp.

## **§ 13 Faste nemnder og midlertidige utval**

13.1 Norges Husflidslag kan ha faste nemnder og/eller midlertidige utval med 3 eventuelt 5 medlemmar.

13.2 Dei faste nemndene skal veljast av landsmøtet for arbeidsområder fastsett av styret.

13.3 Styret kan oppnemne midlertidige utval for særskilte oppgåver.

13.4 Ved val av nemnder og utval må det takast omsyn til at dei respektive medlemmane lett kan møtast.

13.5 Nemnder og utval skal følgje retningslinjer godkjent av landsmøtet.

## **§ 14 Kontingentar**

14.1 Medlemmane i lokallaga betaler kontingent direkte til Norges Husflidslag. I kontingenten ligg abonnement på tidsskriftet Norsk Husflid, kontingent til Norges Husflidslag, kontingent til fylkeslaget og kontingent til lokallaget. Husstandsmedlemmer betaler ikkje abonnement for Norsk Husflid.

Fylkeslaga og lokallaga sin del av kontingenten blir refundert etter reglar og fristar vedtatt av Norges Husflidslag sitt landsmøte.

14.2 Organisasjonar, bedrifter, skular, museum og liknande betaler kontingent på grunnlag av reglar vedtatt av landsmøtet i Norges Husflidslag.

14.3 Husflidshandverkarane betaler kontingent på grunnlag av reglar vedtatt av landsmøtet i Norges Husflidslag.

14.4 Husflidsutsala betalar kontingent etter storleiken på omsetnaden basert på siste avslutta rekneskap og utrekna etter reglar vedtatt av landsmøtet i Norges Husflidslag.

## **§ 15 Voldsgift**

15.1 Tvister mellom Norges Husflidslag og medlem/medlemmar skal avgjerast ved voldgift.

15.2 Kvar av partane oppnemner eit medlem av voldgiftsretten, det tredje medlem, som også er leiar av voldgiftsretten, skal oppnemnast av preses i Det Kgl. Selskap for Norges Vel.

15.3 Har ein av partane, 14 dagar etter at vedkomande fikk varsel om det, unnlate å oppnemne sitt voldgiftsmedlem, oppnemner preses i Det Kgl. Selskap for Norges Vel eit voldgiftsmedlem for denne parten.

## **§ 16 Vedtektsendringar**

16.1 Vedtektsendringsforslag skal vere handsama på eit ordinært landsmøte.

16.2 Til vedtak om vedtektsendring er kravet 2/3 flertall.

16.3 Forslag om vedtektsendring må sendast til styret etter nærmare fastsette fristar, jfr. § 6.2.1.

16.4 Styret skal sende alle forslag vedr. vedtektsendring til medlemmane i god tid før deira årsmøte - seinast 1.12. året før landsmøtet skal avviklast.

## **§ 17 Oppløysning**

17.1 Vedtak om oppløysning kan berre gjerast ved ordinært landsmøte. Til gyldig vedtak er kravet 3/4 av dei stemmeberettiga som møter.

17.2 Ved oppløysning skal laget sine eigendeler og rettigheter overførast til Det Kgl. Selskap for Norges Vel til fremjing av husflid.

## **§ 18 Ikraftsetjing**

Desse vedtektene trer i kraft frå og med juni 2021.